

Vestlandskappleiken i Bergen 74 med mange fine høgdepunkt

Knut Hamre beste spelemann, med Leif Rygg og Finn Vabø like etter.

Liv og Georg Nyborg beste dansarpar. Georg Nyborg vann pokal til beste dansar, Oline Hesjewoll vart premiert som stilegaste gjenta. Two vandrerekalar til Finn Vabø, for beste lydarslått og beste danseslått.

Vestlandskappleiken i Bergen 1974 vart halden i Gimle i helgi 21. og 22. september. Denne kappleiken gjekk inn i rekka som ein av dei store og gode kappleikane. Det var jamm tilslutnadt av spelemenn og folkedansarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane, og tilmed frå Sogn og Fjordaneringen i Oslo kom det dansarar som er utflutte frå Sogn og Fjordane og var med i tevlingane. Serleg var det fine prestasjonar i A-klassa. Det gjeld både spelet og dansen. Og eit interessert og sakkunnig publikum fylte festsaalen i Gimle fire gonger, til med tidleg laurdag ettermiddag var det fullt hus. Eit ekstra høgdepunkt var den serlege tevlingi sundag um eit napp i den pokalen som Jonas Myhre hev gjeve til den spelemannen som spelar den beste lydarslått. 7 av spelemennene melde seg på til den tevlingi.

Tilskiparlag var Bygdedanslaget i Bjørgvin, spelemannslaget «Fjellbekken» og Vestmannalaget, og Ludv. Jerdal var kappleikstyrar. Programsekretær Rolf Myklebust gjorde uptak for Kringkastingi frå heile kappleiken. Sundag fyremiddag var det nynorsk messa i St. Jørgen kyrkja ved sokneprest Egil Lehmann. Der spelte Finn Vabø «St. Tomasklokken på Fillefjell», og Vabø saman med Oddmund Dale spela «Hornindalsbruri» etter Jon Rosenlid.

Domarar i spel var Jan Petter Blom, Sigv. L. Hop og Ketil Sæverud, i dans var domarane Kåre Herdlevær, Herman Olsen og Ellen Vabø.

Bergen ordførar Eilert Eilertsen opna kappleiken laurdag kveld. Han tolka den gleda byen kjenner når ein ny vestlandskappleik vert halden. Her har desse kappleikane tradisjon. Og me ynskjer spelemann og dansarar velkomne hit og vonar at dei må få uppleva ein god kappleik, til gleda både for seg sjølv og for oss, sa ordføraren.

Programmet som var prenta til denne kappleiken var i serleg mun vigd minnet um Jon Rosenlid, meisterspelemannen frå Nordfjord som budde si lengste tid i Bergen og som døydde i mai i år, 82 år gammal. Rosenlid var heiderslags-

mann i Landslaget for Spelemenn, spelemannslaget Fjellbekken, Bondeungdomslaget Ervingen og Firda Ungdomslag.

Det var sers mange tilreisande til denne kappleiken. Frå Indre Sunnfjord spelemannslag kom det soleis ein full-lasta buss, og 17 spelemenn, frå heilt unge og til aldrande karar, stilte upp i lagspel og spela seg til ein god andrepremie. Sigmund Eikås hev æra av den innsatsen han gjer i laget der han er både formann og musikalsk leidar.

Fyre premieutdelingi sundag kveld fekk oppmannen for domarkolleget ordet. För speldomarane tala dosent Jan Petter Blom. Han sa at spelemenn legg for lite vekt på å strama bogen skikkeleg, og ikkje minst er dei likesæle med følestillet. Det å stilla fela er so vesentleg at spelemannen må taká seg tid til det. Han tykte elles at dei same, dei meir kjende, slåttane gjeng for mykje att. Han vilde råda spelemennene til å møta med ukjende slåttar som hev tradisjon. Då fær me større breidd i spelet. Um A-klassa er det berre godt å segja. Det var fint spel, kultivert, tradisjonsrikt, veldyrka. Og publikum som les premielista bør merka seg kor liten skilnad det er i poengtal, og kor nær spelemennene ligg kvarandre. Domarskjema i spel er sers greide no, dei er lette å døma etter, sa Blom. Han peika og på ein serskild ting ved tevlingi i lagspel: Indre Sunnfjord Spelemannslag hadde valt på denne kappleiken å satsa på ein stor flokk spelemenn. Alle var med. Spelemannslaget «Fjellbekken» valde ut sine beste, og var dermed færre. Når me skal døma dei, må me høyra etter korleis det lært, ikkje etter kor mange dei er. Det er godt gjort av Indre Sunnfjord Spelemannslag å vera så modig som laget syntet seg. Men me kan heller ikkje lasta «Fjellbekken» for at det laget satsa på sine beste spelemenn, sa Blom.

Herman Olsen hadde ymse kritiske merknader til dansen på denne kappleiken. Det er ikkje nokon framgang å merka i dansen frå tidlegare kappleikar, sa han. Frårekna klasse A der det var sume gode prestasjonar. Elles er det grunn til å etterlyssa dansargleda, sa Olsen. Eg hev set på dansarar i mange år, og dansa sjølv, både på kappleikar og elles. På kappleikar er dansarane for stive, dei bind seg for mykje, dei slepper seg ikkje laus, er ikkje glade nok, ikkje individuallister nok. Me tri domarane på denne kappleiken



Leif Rygg, Voss.



Arne M. Sølvberg, Nordfjord.

hev fylgst godt når det galdt vurdering, skjema våre er stort sett like. Men skjemaet for døming i dans er for innfløkt, det hev for mange rubrikkar å fylla ut. For me dommarar skal sjå på dansarane, ikkje ned i skjemaet. Men alt i alt vil me takka dansarane for det dei hev gjeve til denne kappleiken og.

Og so kunne premieutdelingi byrja.

RESULTATLISTE:

SPEL - KLASSE A:

1. pr.: Knut Hamre, Folkedal 277. Leif Rygg, Voss 269. Finn Vabø, Bergen 267. Sigmund Eikås, Jølster 254. Arne M. Sølvberg Fjelli 247, Nordfjord.
2. pr.: Oddmund Dale, Bergen 232.

LAGSPEL.

2. pr.: Spelemannslaget Fjellbekken, Bergen 244 p. Indre Sunnfjord Spelemannslag 223 p.

BESTE DANSESLATT:

J. Berstad A/S sin vandrepokal for beste danseslatt vart vunnen av: **Finn Vabø, Bergen** med slatthen «Hei, so dansa gjenta mi».

BESTE LYDARSLATT:

Finn Vabø, Bergen 138 p. Vinnar av Jonas Myhre sin vandrepokal. Leif Rygg, Voss 137 p. Arne Sølvberg, Fjelli 130. Oddmund Dale, Bergen 123. Johan Lien, Bergen 122. Halvor Sørsdal, Bergen 115. Cornelius Eikenes, Hestenesøyra 110.

KVEDING.

2. pr.: Margretha Oppheim, Voss.
3. pr.: Inger Fletre, Voss

TUSSEFLØYTE, klasse C:

2. pr.: Solveig Vabø, Bergen.

SPEL, klasse D:

1. pr.: Anders Kjerland, Granvin 258.
2. pr.: Halvor Sørsdal, Bergen 221. Johan Lien, Bergen 216. Cornelius Eikenes, Hestenesøyra 212. Per Lie, Fjell 205.

SPEL klasse B.

2. pr.: Johs. Fenne, Voss 239. Knut Sandnes, Jølster 223. Einar Eimhjellen, Naustdal 217. Per Øyvind Tveiten, Bergen 309. Lars Brattebø, Nå, Hardanger 197. Georg Vie, Førde 193.
3. pr.: Klaus Grimstad, Lindås 183. Bjarte Øvrebo, Jølster 175.

SPEL klasse C:

8. pr.: Frode Borge, Voss 196 poeng.

DANS, kl. A:

1. pr.: Liv Nyborg, Bergen Vestl.spr. og Georg Nyborg, Bergen 162 p. Svanhild Drøsdal, Garnes, Steinars Drøsdal, Garnes, Rudl. 158. Oline Hesjevoll m/fylgje, Josted., Jostedspr. 156 Liv og Georg Nyborg, Bergen Rudl 156. Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen, Rudl. 156.

2. pr.: Gunnvor og Dagfinn Kjosås, Øystese, Rudl. 155 p.

2. pr.: Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen, Vestl.spr. 151. Annbjørg Kollteit, Odda og Jon Låte, Bergen, Sørfj.spr. 148. Gunnvor Kjosås, Øystese og Dagfinn Kjosås, Øystese Vestl.spr. 147 p. Anna og Lars Kreken, Jostedal, Jostedspr. 147. Tordis Holte og Olav Bjtovteit, Bergen, Vestl.spr. 144 p. Tordis Holte og Olav Bjtovteit, Bergen, Rudl. 144. Kari og Olav Vethe, Bulken, Rudl. 143 p. Kari Vethe, Bulken Vestl.spr. 136.

- Gåvepremi frå Per Lie til «stilegaste dansargjente» vart vunnen av: **Oline Hesjevoll, Jostedal**.

- Vandrepokal til beste dansar (gjeven av Elektra v/ Jonas Myhre) vart vunnen av: **Georg Nyborg, Bergen**.

DANS KL. C:

3. pr.: Trine Dale og Thomas Skålnes, Bergen, Rudl. 113 p. Trine Dale og Thomas Skålnes, Bergen, Vestl. spr. 109. Thomas Skålnes, Bergen, Lausdans 60 p.

DANS KL. B:

2. pr.: Asbjørg Hustveit, Førde og Olav Einemo, Oslo, Vestl.spr. 154. Rigmor Nesheim og Frode Myhra, Bergen, Vestl.spr. 152. 2. pr.: Gerd Akse og Torkel Bjørkheim, Bergen, Vestl.spr. 152 p. Atle Mildestveit m/fylgje, Fanaspr. 152 p. 2. pr.: Guldis og Sigvald Skålnes, Voss, Rudl. 150. Torunn Myhra og Knut Blikberg, Voss Vossaspr. 148. Gerd Akse og Torkel Bjørkheim, Bergen Rudl. 148 p. Synnøva Bongom, Åsane og Olav Åsvang, Baldersheim, Rudl. 146 p. Torunn Myhra og Knut Blikberg Voss, Rudl. 146. Synnøva Bongom, Åsane og Olav Åsvang, Baldersheim, Vestl.spr. 139. Kari Juklestad og Odd Åsen, Jølster, Jølstraspr. 139 p. Lillian Tveiten og Per Øyvind Tveiten, Bergen, Rudl 137. Gunnhild Haugse og Sigurd T. Pettersen, Granvin, Sørfj.spr. 136.

3. pr.: Lillian og Per Øyvind Tveiten, Bergen, Kvammaspr. 124 p.

LAUSDANS KL. B:

2. pr.: Olav Vethe, Bulken, Lausdans 76 p. Nils Gunnar Bergstø, Bergen, Lausdans 75. Svale Naterstad, Bergen, Lausdans 66 p.